




Nr. 6 - OKT. 1990 - 18. ÅRGANG

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



Vakre Vegers pris

Ungangane med tilhørande område i ny E 18 i Stavanger sentrum er tildelt Vakre Vegers pris for 1990. Fotoet viser ein del av anlegget. I høgre biletkant ser me ein av gang- og sykkelvegane som fører fram til ungangane. (Side 4.)



AV INNHALDET:

- Privatisering av Biltilsynet
- Beinvegen til Austlandet
- Ny veg og ny tid for Ropeidhalvøya
- Åpning av Handeland bru



Nr.6 - oktober 1990

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Johan Lund
Eva Vivoll

Redaksjonsråd
Svein Dahle
Njål Hanasand
Irene Stangeland
Ole Tamburstuen
Rosalyn Wiik
Solveig Yndesdal

Sats/layout
Bodil Dam Bustad

Trykk
Allservice A/S

Forsidefoto
Bård Asle Nordbø

Baksidefoto
Njål Hanasand

Opplag
1500 eksemplar

Vegsjefens 3 minutter...



Det skjer stadig saker og ting i vegvesenet. Det står blest om oss på mange måter.

Vi arbeider med store, kostbare prosjekter som bl.a. setter mange mennesker i arbeid, og som vil forandre livssituasjonen for mange tusen mennesker når de er ferdige. Vi er opptatt av trafikkikkerhet og trafikkmiljø, vi får ris og ros i pressen. Det er synd å si at vi er en anonym og grå offentlig etat som ikke viser igjen.

Dette kan være en fordel, og det kan være en ulempe. Fordelen er at vi får vise hva vi duger til, ulempen at det stilles forventninger til oss som vi ikke kan innfri.

Det er nettopp alle forventninger og krav til oss fra uteverdenen som gjør at vi enda en gang må se på vår organisasjon. Kravene går på større effektivitet og større konkurransevne, og ikke minst kreves det at vi kan bevise og dokumentere hvor flinke vi er.

Så nå setter vi i gang igjen. Det nye denne gangen er at vi skal legge så stor vekt på det vi kaller resultatområder og målstyring og at vi nå også skal kunne se på selve avdelingsstrukturen. Det er ikke utenkelig at vi kan få nye avdelingsnavn og ny arbeidsfordeling mellom avdelingene.

Det er klart at våre personalorganisasjoner må komme sterkt inn i bildet her og spille en aktiv rolle i vårt utviklingsarbeid. Jeg ønsker dem velkommen til samarbeid om et spennende prosjekt til beste for hele vår etat.

Fri fart for frie borgarar

Til midt i september var ca 1.700 menneske drept på vegane i den delen av Tyskland som fram til 3. oktober var DDR. For heile 1990 reknar ein med at talet blir ca 2.500. Dette er ei dobling samanlikna med fjoråret - 1989. Ein uhyggeleg stor del av trafikkofta er ungdom under 25 år.

Før muren fall var fartsgrensene strenge i DDR. Kontrollane var hyppige og reaksjonane harde mot dei som braut fartsgrensene og andre trafikreglar.

Då grensa mot Vest-Tyskland blei opna, opna det også for vest-tyske haldningar til trafikk og fart. Også i aust blei parolen: Fri fart for frie borgarar. Til og med når det kostar massevis av menneskeliv.

*

Trafikkikkerhetssekretariatet har lagt fram sin HÅNDLINGSPLAN FOR TRAFIKKIKKERHET I ROGALAND fram til 1993. Det synest å vera eit solid dokument. Det er lista opp ei rekke tiltak, som samla skal redusera ulykkene i fylket med minst 15 % fram til 1994.

I programmet er det m.a. lagt stor vekt på haldnings-skapande arbeid, - og det er bra. På den andre sida kan det synast som planen ber preg av at ein har for stor tru på "det gode mennesket". All erfaring - og ikkje minst dei siste månaders erfaring frå Tyskland - viser betydningen av kontroll, overvaking og strenge straffereaksjonar i trafikkikkerhetsarbeidet. Me kan mislika dette. Men for å spara menneskeliv og redusera sorg og lidning, må me tola ein sterkt innskrenka fridom i trafikken.

Harald Sel


INNHALD

Vegsjefens 3 minutter	2
Fri fart for frie borgarar	2
Privatisering av Biltilsynet	3
Vakre Vegars pris til Stavanger 4	
Ryfylkevegens far hedret	5
Norsk veg- og vegtrafikkplan	
1993-97	6
Stortingets samferdselskomité	
i Rogaland	7
Bedriftstur til hovedstaden	8
"Rennfast-start"	9
Bokmelding:	
Kjell Høgdastrand forteller	9
Organisasjonsutvikling	
- og gjennomgang	10
Kampanje mot	
forgjengerulykker	10
Ny veg gjev ny tid	
for Ropeidhalvøya	11
Beinvegen til Austlandet	12
Bilparken i forfall	13
Biltilsynet	
strengare mot overlast	13
Pensjonister	
på Tysklands-tur	14
Pensjonister i Egersund	14
Frå "NAF's "bilvindu"	15
Haugesund	
missar europavegen	15
Mi meining	15
Landbruket	
- ein stor transportforbrukar ..	16
Midler fra	
Aksjon skoleveg 1990	16
Vern og helse	17
Opplæring og	
kompetanseutvikling	18
Guds kjærlighet	18
Kryssord	19
Styre- og overvåkningssentral	
på Bærheim	20
Åpning av Handeland bru	21
Chr. Fr. Hansteen pensjonist ..	22
Databaser:	
Mye bortkastede penger	22
150 på kurs om eldreulykker ..	22
Torhild Rypestøl	
premiert av Forslagsnemda ..	22
Miljø-golfer til vegvesenet	23
Dårlig kunnskap	
om vegmøking	23
Tillitsvalgte spalte	23

Privatisering av Biltilsynet

Av biltilsynssjef Svein Dahle

For tida blir det fokusert sterkt på effektivitet og resultat. Kva får samfunnet att for dei ressursane som blir stilt til disposisjon for å ivareta oppgåver og tenester? Svært mange vil hevda at all offentlig verksemd gir liten gevinst målt ut frå samfunnsøkonomiske vurderingar. Dei gir uttrykk for at oppgåvene bør overførast til private for å få betre service og meir att for skattebetalarane sine pengar.



Slike tankar gjer seg også gjeldande blant politikarane, og i Høgre har eit utval sett på ein del offentlege instansar med tanke på overføring av oppgåver frå offentlig til privat regi. Utvalet har peika på biltilsynet, og då spesielt kjøretøykontrollen, som døme på arbeid der det kanskje ligg til rette for overføring til andre instansar i samfunnet - som f.eks. Falken eller Securitas.

Det er klart at slike tankar uroar tilsette i biltilsynet. Den framtida som syntest like sikker som bilen er plutselig ikkje så trygg lenger. Det er då vel ingen som kan ta i vare og utføra desse oppgåvene så godt som oss? Kanskje ikkje det, men nå kjem det i stor grad an på oss sjøl?

Me må akseptera at dei som syter for ressursane våre også frå tid til anna vil vurdere oss ut frå forskjellige grunnar. Utfordringa vår blir mellom anna å visa i praksis at samfunnet er best tent med at me tek oss av dei ulike oppgåvene. Me skal ikkje halda på arbeid som andre kan gjera billigare og betre. Kanskje må me etter kvart dela noko med andre, men likevel innafor ei ramme der me har den faglege styringa og tilsynet med det heile.

Det som blir viktig, er at dei som sit i sentrale politiske posisjonar og tek beslutningar på våre vegne, har full innsikt i det me gjer og måten me gjer det på. Me må sørja for at vurderingane er grunnlagt i fakta og ikkje i forelda antagelsar baserte på rykte og spesielle episodar. Dette har med informasjon og markedsføring å gjera.

Me veit at her er det mange tiltak å spela på, men til sjuande og sist er det spørsmål om korleis den einskilde bileigar og trafikant opplever oss i dei ulike situasjonar. Hvis dei ser på oss som gagnlege for samfunnet - ja, då er framtida vår framleis trygg!

*

Vakre Vegars pris til ny E 18 Stavanger

Vakre Vegars pris 1990 er tildelt Statens vegvesen Rogaland for utforminga av undergangane med tilhøyrande område i ny E 18 i Stavanger sentrum. I premissane for utdelinga heiter det at planleggjarane har hatt ei vanskeleg oppgåve, men at dei har hatt evne og vilje til å sjå bort frå halvgode løysingar. Resultatet har blitt eit mønstergyldig anlegg, som Stavanger kan vera stolt av.

I statuttane for Vakre Vegars pris heiter det at prisen skal tildelast eit anlegg med gode estetiske kvaliteter som er tilpassa omgivelsane.

Om E 18-anlegget seier juryen at det tilfredstiller dette kravet, samtidig som det tilfredstiller den trafikksituasjonen det er tiltenkt.

Veg- og gatcanlegg i byar er krevande og vanskelege fordi ein må ta så mange omsyn, og desse skal løysast på svært begrensa arealer. Gode løysingar er eit resultat av totale vurderingar der alle enkeltlement blir sett inn i ein samanheng. Undergangane med tilhøyrande anlegg på ny E 18 i Stavanger tilfredstiller fullt ut desse krava, heiter det i juryen sine premissar for utdelinga.

Juryen peikar elles på følgjande:

- Anlegget er planlagt og bearbeidd ned til minste detalj, og desse er konsekvent gjennomført.
- Standarden på brukte materialer er svært høg.
- Undergangane har eit godt og funksjonelt gangveg-system, der undergangen er eit naturleg ruteval og representerer den kortaste gangavstanden over kryssområdet.
- Vegetasjonsbruken er spennande og viser stor vitalitet. Bekken som blir ført gjennom den sine undergangen er eit heilt spesielt element som ein i anlegget har gjort seg full nytte av.
- Konsekvent planlagt og effektiv belysning i undergangane.
- Samspel mellom kommune, vegvesen og involverte konsulentar vitnar om eit grundig planarbeid og samarbeid på tvers av etats- og faggrenser.



Kannikbekken og den måten denne er tilpassa anlegget, er spesielt nemnt i premissane for pristildelinga.

Bekken går langs gang- og sykkelvegen frå Kannikparken og gjennom undergangen.

Lysopninga i undergangen, frå midten av rundkjøringa over, er ei smakfull løysing som komitéen har lagt vekt på.



Natursteinen som er brukt mot den restaurerte Kannik prestegård, er med på å setta liv til denne delen av fotgjengarsystemet.

I år er det tredje gongen Vakre Vegars pris blir utdelt. Tidlegare prisvinnarar er Strynefjellsvegen og Landstads plass i Sandefjord.

Foto: Bård Asle Nordbø



Ryfylkevegen 25 år: Ryfylkevegens far hedret i Forsand

Tekst og foto: Johan Lund

Søndag 2. september ble det avduket en minneplate over Torgeir Espedal ved Oanes ferjeleie. Dette var på dagen 25 år etter åpningen av Ryfylkevegen, en høytidelighet som fant sted på Sand i Suldal kommune.

Det var ingen tilfeldighet at nettopp disse to steder var inne i bildet når vi snakker om Ryfylkeveg og jubileum. For det var disse steder som var endepunktene for det vegprosjekt som daværende ordfører i Forsand lanserte tidlig på 1930-tallet og som skulle binde sammen de vegisolerte Ryfylkekommuner fra Forsand i sør til Suldal i nord.

Tilstelningen i Forsand var den fjerde og siste markering av Ryfylkevegens 25-årsjubileum. De tre foregående var ved innvielse av den nye storferja i Tau-sambandet, ved åpningen av de nye ferjeleier i Hjelmeland og Nesvik, samt i samband med Ryfylkedagene på Sand.

"En vill tanke"

Da daværende ordfører i Forsand, Torgeir Espedal, tok opp tanken om denne vegen, syntes de fleste at dette var ville idéer. Vegfolk kalkulerte kostnadene til 5,5 mill. kroner. Dette var 12 ganger det årlige anleggsbudsjett for hele fylket den gang.

Overført til dagens situasjon ville dette vært 1200 mill. kr. Det er derfor forståelig at mange syntes Espedals tanke og senere kamp for vegen var både håpløs og vettløs.

Kampen krones med hell

Espedals idéer fikk etterhvert støtte både på faglig og politisk hold, men som vegsjefen sa det i sin hilsningsstale: Vi klarer ikke slike løfter uten kvinner og menn med telt, visjoner og stahet, Ryfylkevegen er et godt døme på det.

Vegsjefen framholdt ellers at visjonene omkring Ryfylkevegen ikke er fullført før Høgsfjord-prosjektet er i havn. Utenom kryssingen av

Høgsfjorden er det grunn til å minne om at prosjektet også omfatter omlegging av Rv.13 mellom Oanes og Tunland samt brukryssing av Lysefjorden ved Oanes - Forsand.

Dagens Høgsfjordprosjekt er beskjedent sammenliknet med Ryfylkevegen den gang, idet kostnaden er anslått til "bare" 8 års anleggsbudsjett.

En gild tilstelning

Tilstede ved høytideligheten var enken etter Torgeir Espedal, Karen Espedal, hennes datter Torunn Levik med familie, fylkesmannen, ordførerne i de berørte kommuner, vegfolk fra anleggsperioden, fra vegkontorets ledelse og mye bygdefolk. Det var musikk ved skolekorpset.

Etter at ordfører Torstein Haukali hadde avduket minneplaten, takket Torunn Levik for godord og for hedringen av faren. Vegsjefen hilste fra vegadministrasjonen.

Etter avdukingen reiste deltagerne over til Forsand og det nye kulturhuset.

Alfred Rake, som ble tilkalt fra Nord-Norge da arbeidet på Ryfylkevegen skulle starte opp, leste opp den prologen han skrev og framførte til vegens åpning for 25 år siden. Han kan kunsten ennå!

Rake ble intervjuet om anleggstida av kultursjefen i Hjelmeland, Njål Tjeltveit. Han fortalte blant annet om daværende avd.ing. Sømme og en skomaker i Ryfylke. Sømme var dårlig utstyrt for vinterværet og skomakeren kunne låne ut tredjemanns sko. Men Sømme måtte love å ikke knytte skosnorene, slik at han kunne sparke skoene av seg dersom han skulle gå gjennom isen... Njål Tjeltveit har forøvrig skrevet bok om Ryfylkevegens historie.

Til slutt takket Håkon Helgøy for frammøtet. Han er ordfører i Hjelmeland og formann i arrangementskomiteen for Ryfylkeveg-jubileet.



Etter avduking av minneplaten. Karen Espedal og Torun Levik flankert av ordfører Torstein Haukalid og vegsjef Chester Danielsen

Norsk veg- og vegtrafikkplan Strateginotat legges fram i desember

Av Nidun Sandvik

Revisjonen av norsk veg- og vegtrafikkplan for perioden 1994 - 97 er begynt. Arbeidet er 2-delt. I første omgang skal det lages et strateginotat, det skal være ferdig til 1. desember. Vegdirektoratet skal så, bl.a. på bakgrunn av strateginotatene, lage retningslinjer for vegplanen. Arbeidet med selve vegplandokumentet begynner til våren og vil fortsette fram til våren 1992.

Veg- og vegtrafikkplanen danner grunnlaget for hele vegvesnets virksomhet, men det mest sentrale er investeringsprogrammet. På grunn av tilbakebetaling av forskutteringer er det lite midler til nye prosjekt i Rogaland. Det er derfor om å gjøre å få mest mulig ut av det vi har til rådighet.

Behandling

Strateginotatet skal ikke behandles politisk. Det er i første rekke et internt dokument for vegvesenet, en dialog mellom vegkontorene og vegdirektoratet. Det skal gis orientering om strateginotatet til samferdselsstyret, fylkestinget, kommunene og andre berørte parter.

Vegplandokumentet skal sendes på høring og behandles i fylkestinget våren 1992 sammen med transportplanen for

storbyområdet Stavanger / Sandnes / Sola. Transportplanen skal etter planen være ferdig til sommeren '91, og inngå som en del av vegplanen. Transportplanarbeidet ble satt i gang som følge av satsningen på byområdene i veg- og vegtrafikkplanen for 1990 - 93.

Innhold og mål

Strategiarbeidet skal danne grunnlag for vegdirektoratets arbeid med hovedretningslinjene og være basis for vegkontorets endelige bidrag til NVVP 1994 - 97.

Det er gitt foreløpige mål for framkommelighet, trafiksikkerhet, miljø og service. Disse målsettingene skal kostnadsberegnes og vurderes. Videre skal det utarbeides forskjellige strategier for hvordan disse målene kan nås. For en del av områdene, bl.a. miljø,

er det ikke satt konkrete mål tidligere, og etter kostnadsberegning i strategiarbeidet må de eventuelt justeres for å bli mer realistiske.

Med utgangspunkt i tilstanden på vegnettet pr. 1.1. 94 skal det beregnes hvor stor innsats som må til for å oppnå målene som er satt ved utgangen av 1997.

Målsettingene for framkommelighet gjelder for både motoriserte og "myke" trafikanter. Tillatt aksellast og standard i henhold til veg-normalene er det mest sentrale for motorkjøretøy.

Gang- og sykkelvegnett

Det er en målsetting at det skal bygges gang- og sykkelveg langs vegger med over 1000 kjøretøy og 75 gående/syklende pr. døgn. I denne forbindelse vil det bli laget en plan for et sammenhengende gang- og sykkelvegnett i fylket. Det er ikke mulig å telle gang- og sykkeltrafikken på en rasjonell måte.

Dessuten kan kun trafikanttall gi galt bilde, da det sannsynligvis flere steder ville vært større fotjengertrafikk dersom det var et tilbud for dem.

For å få et inntrykk av behovet vil vi i stedet ta utgangspunkt i målpunkt som skoler, handelssentra og fritidsaktiviteter. Dette er steder som har stor gang- og sykkeltrafikk. I tillegg til trafikkmengdene vil det bli sett på hvor det mangler biter i et ellers sammenhengende nett.

Miljø og trafiksikkerhet

Trafikkstøy er blitt et stadig økende problem de siste årene. I vegplanarbeidet skal vi registrere arealbruken langs vegene, inndelt etter om det er støyomfintlige områder eller ikke og videre vurdere mulighetene for å opprette såkalte "miljøsoner" langs de mest trafikerte vegene. Innenfor dette arealet skal det unngås etablering av støyomfintlig virksomhet, det skal kunne brukes til støydemper og dessuten til terrengbehandlig og beplantning.

Trafikant og kjøretøytiltak er viktige bidrag for å nå målsettingene for trafiksikkerhet og miljø. Biltilsynets kontrollvirksomhet skal bidra til at sikkerheten og støy- og avgasskravene tilfredsstilles for kjøretøyparken. Foruten dette er opplæring et sentralt arbeid for biltilsynet.

Framhald neste side...



Frå brukarmøtet med miljøorganisasjoner og "myke" trafikanter i forbindelse med NVVP-arbeidet. Fra v.: Ole Martin Lind, Rogaland Natur og ungdom, Harald B. Vassdal, Funksjonshemmedes felleorganisasjon, Rolf Egelandsdal, Naturvernforbundet og Sigurd Juel Kinn, Fylkesmannen, miljøvernavdelingen.

Stortingets samferdselskomité i Rogaland

Samferdselskomiteen i Stortinget var på ein dags synfaring i Rogaland 17. september, før turen gjekk vidare til Hordaland.

På programmet sto mellom anna synfaring på vegen Sundfør i Sveio og over til E 76 i Tysvær. Denne vegen vil bli ein viktig gjennomgangsveg når Boknsambandet er fullført sommaren 1991. I dag er ein del

av strekninga i Sveio i alt for dårleg forfatning til å kunne ta imot ein stor trafikkauke.

Om ettermiddagen var det møte i Haugesund, med orientering om ei rekke samferdselsaker.

Då komiteén dagen etter reiste vidare til Ullensvang, gjorde dei ein stopp ved Isvik i Skjold. Her blei dei møtt av fleire hundre demonstrantar, både unge og eldre, som

kravde midlar til omlegging og trafikksikring av E 76. Og at dette er eit velbegrunna

krav, skulle vel ingen vera i tvil om, - heller ikkje stortingsrepresentantar.

Ordførar i Karmøy, Jostein Espeseth, orienterte om kommunen sitt syn på den framtidige ferjedrifta. Formann i Samferdselskomiteén, rogalendingen John Tveit (t.v.), kunne beroliga han med at det blir ferjesamband Skudeneshavn - Mekjarvik fram til Rennfast er fullført.



I Isvik i Skjold blei stortingsrepresentantane møtt av demonstrantar som kravde sikrere veg. "Vi har mange barn - men ingen å miste" var budskapet på ein plakate. På ein annan stod det ganske enkelt: "Her kan me ikkje gå!"

Vedlikehold

Vedlikeholdets innsats skal sikre at de verdiene som er investert i veger, bruer og tunneler bevaras, samt at trafikantene sikres god framkommelighet og sikkerhet.

Målsettingene innenfor vedlikeholdet omfatter miljø, f.eks. materialvalg og arbeidsmetoder, trafikk-sikkerhet, service overfor trafikantene og framkommelighet.

Tunneler og veger med store trafikkmengder medfører mye vedlikehold og nye krav til trafikantinformasjon.

Fylkesvegene

Veg- og vegtrafikkplanen dreier seg hovedsaklig om riksvegene, men tilstanden på fylkesvegene skal også tas med. Det blir gitt noe øremerket tilskudd til forsterkning og utbedring av fylkesveger.

Avdelingsansvar

Mye av arbeidet gjøres av de enkelte avdelingene, som kjenner sine fagfelt best. Responsen på oppgavene som er utdelt har vært bra så langt.

Høgsfjordprosjektet?

Dersom Høgsfjordprosjektet blir realisert vil det ha stor innvirkning på hva midlene skal brukes til. Dette blir ikke avklart før utpå våren, og vi må ha en strategi for begge muligheter. Ut over dette skal strateginotatet egentlig ikke være så detaljert at enkeltprosjekt skal tas med.

Brukermøter

Vegdirektoratet har hatt en spørreundersøkelse blant sentrale brukere av vegenettet for å få bedre kunnskap om hvilke oppgaver de mener vegvesenet skal prioritere i årene framover. Vi har i vårt fylke hatt møter med regionplanrådene, motororganisasjoner, organisasjoner for

"myke" trafikanter og for transportører og næringsliv. Det har vært noe motstridende syn på hvilke oppgaver som er viktigst å få løst.

Kontakt med kommunene

Vi har informert kommunene om at revisjon av vegplanen er startet, og bedt dem gi tilbakemelding om hvilke oppgaver som er viktig for dem å få løst. Kommunene er dessuten medvirkende i planleggingen av gang- og sykkelvegene.

Transportplanen for storbyområdet

I et tidligere nummer av Rygjavegen er det orientert nærmere om det igangsatte arbeidet med en transportplan for storbyområdet Stavanger / Sandnes / Sola. Resultatet av dette arbeidet vil være et viktig bakgrunnsmateriale for vegplanen, og få stor innvirkning på den videre areal- og transportplanleggingen i dette området.

Administrasjonsavdelingen på Oslo-tur: Flott program både faglig og sosialt

Tekst: Eva Vivoll

Administrasjonsavdelingen ved vegkontoret har vært på tur i hovedstaden. I strålende høstvær var det en opplevelsesrik tur, hvor både det faglige og det sosiale sto på programmet.

Turen startet med natt-toget fra Stavanger onsdag 12. september. Vel framme på Sentralstasjonen ble vi hentet i buss og fraktet til Vegdirektoratet på Helsefyr, der Jytte og hennes stab hadde disket opp med nydelig frokost i kantinen. Her ble vi også underholdt med sang av Vegdirektoratets eget kor.

Etter frokost fikk vi en orientering om Vegdirektoratets organsiasjonsoppbygging før det var tid for omvisning.

Delt opp i to grupper ble vi vist rundt og fikk hilse på flere av våre kolleger i øst. Navn og stemmer fra mange telefonsamtaler fikk plutselig

ansikt, vi fikk høre litt om deres arbeidsrutiner og utvekslet erfaringer. Nyttig og positivt for alle parter.

Klokka 12 var det tid for lunsj før vi alle ble loset inn i bussen for sightseeing i Oslo og omegn. Vi ble tatt med til Frognerparken, Holmenkollen, Bygdøy og fikk kjøre Fjellinjen som mange av oss bare hadde sett på TV-skjermen.

På ettermiddagen/kvelden var vi invitert på båttur med D/S Børøysund, som er Norges eneste kullfyrte dampskip.

I strålende sol fikk vi oppleve Oslo og skjærgården fra sin beste side. Over rekene og kaffen fant vi raskt tonen, og allsangen fløt fint over blikk-stille hav.

Fredag var det NIT (Kommunedata) som sto på


programmet. Her fikk vi orientering om regnskapsrutiner og EDB-rutiner. Dette var særlig lærerikt for regnskapsseksjonen.

På ettermiddagen satte vi oss

på toget vestover, mange inntrykk og erfaringer rikere.

En stor takk til Vegdirektoratet og arrangementskomitéen her på vegkontoret for flott program og en kjempetin tur.

Foto: Eva Vivoll og Johan Lund



Johan Lund og Marit Øverland. Seilerlua sitter som den skal!



En lydhør og oppmerksom forsamling i Vegdirektoratets bibliotek.

Bokmelding:

Kjell Hegdalstrand forteller

Kjell Hegdalstrand har, med god støtte frå lokale medhjelparar, gjort eit imponerende arbeid med å intervjuva vegfolk rundt om i heile landet. I Rogaland var Per Hole den lokale drivkrafta i dette arbeidet.

I åra 1980-81 gjennomførte Hegdalstrand og Hole ei rekke intervju med veg-veteranar frå fylket. Intervjuva foreligg på lydband og i avskrift.

På grunnlag av dette materialet, har Kjell Hegdalstrand bearbeida 5 av intervjuva, og gjenfortellingane er utgitt i bokform.

Tanken ved denne boka, å gje eit realistisk inntrykk av vegfolk sin kvardag dei siste 60-70 åra, er framifrå. Og dei fem, Ragnvald Sæbø, Per Hole, Bjarne Steinskog, Ole Tafjord og Lars Dalen, skulle vera fargerike og representative for ulike område innan vegarbeidsdrift og administrasjon.

Med bakgrunn i det rike og levande kjeldestoffet - vegfolka sine egne levande ord (på lydband) - er det stor synd å måtte slå fast at Kjell Hegdalstrand har "snubla" i innspurten. Gjenfortellingane blir tørr veghistorie, fortalt av Kjell Hegdalstrand.

Me saknar ryfylkingen Ragnvald Sæbø, jærbuen Lars Dalen og dalbuen Bjarne Steinskog. Og så Ole Tafjord, Sunnmøringen som gjorde jærbu av seg, men som har behalde sin ordrike nordvestlands-dialekt og som er ein ypperleg forteljar.

Å gjenfortella desse vegveteranane på eit saftlaust bokmål er like malplassert som om ein vegarbeidar frå Oslo - eller Kjell Hegdalstrand sjøl - hadde blitt gjenfortalt på stivt vestlands-nynorsk.

Ein lokal språkkonsulent burde hjelpt Hegdalstrand med denne boka, slik at intervjuobjekta hadde fått ei skikkeleg språkleg behandling. Dermed hadde boka også blitt eit atskillig meir verdifullt bidrag til den lokale kulturhistoria.

Det er særst verdifullt å ta vare på vår nære historie, slik som det blir gjort ved denne boka og ved alt det andre innsamlingsarbeidet Kjell Hegdalstrand har gjort. Men ein må ikkje bli så opptatt av historisk- og museal tankegang at ein forsømmer den "levande" samtidshistoria, som ikkje minst vår språklege rikdom er ein del av.

I boka er det også eit godt utval av foto. Dei aukar verdien av boka. Gode foto fortel ofte meir enn ganske mange ord.

Kjell Hegdalstrand
Vegfolk forteller

Utgitt av Norsk vegmuseum og Statens vegvesen Rogaland
Dreyer Bok 1990

Harald Sel

"Rennfast-start"



30. juli blei første salven avfyrt i Byfjordtunnelen frå Randaberg-sida.

Sjøl om arbeidet med Rennfast har pågått ei tid, var dette likevel på sett og vis ei markering av at nå er realiseringa av prosjektet i gang for alvor.

Frå nå av og fram mot slutten av 1992 blir det ei svært intensiv drift. - Nesten alt skal foregå samtidig,

Byfjordtunnelen, Mastrafjordtunnelen, Askjesundet bru og vanleg vegbygging over øyane.

Det øverste biletet viser tunnel-påhogget ved Harestad, klargjort for første salve. Vidare er første salven gått, og nederst blir resultatet studert, etter at steinstøv og dynamittrøyken er borte.

Foto: Torstein Rein Larsen

Organisasjonsutvikling - organisasjonsgjennomgang

Av administrasjonssjef Svein Magne Olsen

Forholdene i og omkring Vegvesenet endrer seg raskt. Selv om det ikke er mer enn tre år siden vi hadde en gjennomgang av vår organisasjon, synes behovet å være til stede igjen nå.

Årsakene er flere, men stikkordsmessig kan vi nevne endringene i oppgaver (mer vekt på miljø, trafikksikkerhet), endringer i ressurstilgang og ressursallokering (nedgang i offentlige bevilgninger, store refusjoner i de nærmeste årene og mer konsentret anleggsdrift), endring i styringssystem (målstyring blir en realitet), økt krav til konkurranseevne (som også må dokumenteres) m.m.

Vi mener at organisasjonstilpasninger og omfordeling av personell er viktige forutsetninger for å kunne møte disse utfordringene og har derfor invitert tjenestemannsorganisasjonene til å være med å vurdere nødvendige/aktuelle endringer.

Alle fylker

I Rogaland har vi drevet med systematiske vurderinger av organisasjonen med jevne mellomrom, første gangen i 1982. Selv om det alltid vil være noe uro forbundet med slike prosesser, anser vi at utbyttet vil være større enn kostnadene.

Denne gangen vil også alle de andre fylkene foreta tilsvarende vurdering, og meningen er at samtlige fylker skal fremme sine endringsforslag ovenfor Vegdirektoratet senest innen 1. juni 1991.

Vegdirektoratets rolle

Vegdirektoratet går også mer aktivt inn denne gangen enn tidligere, dels fordi man ser dette som en videreføring av "Styringssystemutvalgets" arbeid og dels fordi man nå ser behov for å også endre den overordnede strukturen (funksjonsdelingen) ved Vegkontorene.

Vegdirektoratet har i denne sammenheng m.a. satt ned et eget utvalg som skal utrede alternative modeller for organisering av Vegkontorene.

At Vegdirektoratet nå spiller en sentral/aktiv rolle er svært positivt, - dette kan gi håp om større frihet til å

gjøre mer gjennom-gripende ordninger og også frihet til å tilpasse seg lokale forhold (alle vegkontor behøver ikke være organisert på samme måte).

Styringsgruppe

Her i vårt fylke har vi etablert en styringsgruppe som skal lede arbeidet. I styringsgruppen sitter Vegsjefen, alle avdelingsledere og representanter for tjenestemannsorganisasjonene NIF (1), NITO (2), Rvf (2), NTL (1), SBF (1), ELF (2), NAF (2).

I tillegg er det etablert et sekretariat som ledes av administrasjonssjefen og som skal nytte medarbeidere fra alle avdelinger og organisasjon etter behov.

Arbeidet er alt igang ved at alle avdelinger nå registrerer dagens oppgaver og vurderer endringer i oppgaver fremover (3 - 5 år). Videre registrerer vi og gjør tilsvarende vurdering av ressursbruken (personell og økonomi).

Arbeidet vil fortsette med å summere dette opp i resultatenheter og fastlegge mål på kort og lang sikt. Dette vil så danne grunnlaget for vårt videre arbeid med organisering og bemanningsplanlegging.

Vi vil legge stor vekt på å holde alle tilsatte orientert om arbeidet, og søke å få til medvirkning fra tilsatte på alle nivå.

"Administrasjonsnytt" vil bli brukt som kontaktorgan, i tillegg til at både avdelingsledere og tillitsmenn er pålagt et særlig ansvar for informasjon.

Kampanje mot fotgjengerulykker

Av Arne G. Vasba

Ifølge langtidsplanen for trafikksikkerhetsinformasjon skal vi i år igjen sette søkelyset på fotgjengernes ulykkes-situasjon.

Dette året velger vi en kort periode i høst som den viktigste perioden for innsats, og vi retter søkelyset mot eldre fotgjengeres situasjon i trafikken.

Eldre over 65 år utgjør ca. 16% av befolkningen, men de er utsatt for 25 % av fotgjengerulykkene. Dette er en betydelig overrepresentasjon. Når vi i tillegg vet at de utgjør halvparten av dødsulykkene blant fotgjengere, da er det klart at dette er en utsatt gruppe.

Vi vet at høsten er en periode av året da det skjer mange fotgjengerulykker. Mørke, uvær og regn gjør ofte forholdene langs vegene svært ugunstige for den som må ta seg fram. Dette er grunnen til at aksjonen startet den 1. oktober og skal vare til 1. desember. Det er meningen at vi i hele denne perioden skal forsøke å fokusere på eldre fotgjengere, men situasjonen tilsier at dette kunne vi gjøre flere ganger i året, mange år fremover.

Målgruppen for aksjonen er først og fremst de eldre selv, i tillegg kommer de som har innflytelse på de eldres situasjon i trafikkbildet. Det vil si at bilførerne også blir oppfordret til å vise varsomhet. Tekniske etater blir oppfordret til å legge forholdene bedre til rette for at eldre lett skal kunne ta seg frem når de er ute.



Opning ved statsråd Jacobsen: Ny veg gjev ny tid for Ropeidhalvøya

Tekst og foto: Harald Sel

Når dette nummeret av Rygjavegen går i trykken, er innspurten i arbeidet med vegtløysing for Ropeidhalvøya i gang. Offisiell opning er 9. oktober, ved kommunalminister Johan J. Jakobsen. Jakobsen var samferdselsminister då Ropeidprosjektet blei godkjent av sentrale styresmakter.

Ein "sluttstein"

Opninga av den nye vegen til Ropcid-

halvøya kan sciaast å vera sluttsteinen på
på ein lang og imponerande utbyggings-



Entreprenør Ola Fisketjønn og vegvesenets Magne Tveit i arbeid med "innspurten" for å få vegen ned til Solland ferdig til 9. oktober.



Siste "finpuss" før asfaltering på fylkesvegen mellom Øvrabø og Solland. Frå v.: Magnar Michelsen, Morten Sørås (korttidstilsett), Nils Krokedal og Svein Gjursland.

periode innan samferdsla i Rogaland. Her ligg dei siste større lokalsamfunna på fastlands-Rogaland som får vegsamband med omverda.

(Me ser då bort frå kommunane Hjelmeland, Strand og Forsand, som framleis er avhengig av ferjer når ein skal til Sandnes, Stavanger og resten av landet.)

Dei ca 430 innbyggjarane på Ropeidhalvøya har hatt tunge og vanskelege transporttilhøve. Berre for å koma til kommunesenteret Sand, måtte ein nære på rekna med å bruka ein heil dag.

Veg og kostnader

Anleggsarbeidet på Ropcidhalvøya starta i 1986, finansiert med midlar frå Suldal kommune (tilskot og forskottering), Distriktenes Utbyggingsfond, Staten og Rogaland fylke.

Totalt er det bygt ca 14,5 km veg, fordelt på vel 8,9 km riksveg frå Ropeid til Øvrabø og vel 5,5 km fylkesveg frå Øvrabø til Solland.

Riksvegen har totalt, i 1990-prisar, kosta 77 millionar kr og fylkesvegen 24 millionar. Suldal kommune har forskottert 21 millionar kr til arbeidet.

På riksvegstrekinga er det to tunnelar, Drengstigtunnelen på 1235 m og Almeningen tunnel på 640 m.

Vidareføring av Rv.13

I planen for Ropeidprosjektet inngår også vidareføring av ny riksveg 13 fram til Jårvik, med bru over Sandsfjorden. Her er minst 2 alternativ for kryssing av Sandsfjorden aktuelle. Kva tid ein får pengar til å fullføre Ropeidprosjektet er uvisst. Alt etter kva alternativ ein vel, vil Sandsfjord-kryssinga og gjenstående vegbygging kosta frå vel 100 millionar til bortimot 150 millionar.

Me kjem tilbake med opningsseremonien og anna stoff omkring Ropeidprosjektet i desember-nummeret av Rygjavegen.

Beinvegen til Austlandet

Tekst og foto: Torbjørn Fiskaa

Vegen Suleskar - Brokke opna helga 8. og 9. september, fjorten dagar før planen. ● og trafikken let ikkje venta på seg. Innimellom dei første sauedriftene som kom ned frå heia smaug bilane seg fram over den nye sommarvegen, Mange ville prøva snarvegen mellom Sirdal og Setesdal.

● m nokon også hadde lagt ein rask tur lenger aust inn i planane skal vera usagt, men om dei skulle frå Ålgård til Drammen ville dei få ti mil kortare veg enn på E 18. ● m den nye sommarvegen også sparer tid er uklart, Han er trass alt smalare og meir svingete enn Europavegen. Dessutan er det litt usikkert med veret, haustregnet på låglandet kan fort snu til snø tusen meter over havet.

Store snømengder

Anleggsarbeidet har gått for fullt i sommarmånadene, dette er den einaste tida det nyttar å laga veg så mange meter over havet. På Aust-Agder-sida starta arbeidet i juni etter at snøfresarane hadde rydda traséen, skjeringa var på det høgaste ni meter. Enno ligg det brear att i nord-skråningane, men arbeidet har ikkje blitt hindra av snømengdene.


Anleggsmaskinane har sørge for eit skikkeleg

berelag av pukkestein, deretter er det køyrt på finare grus før asfaltmaskinen la det faste dekket tidleg i september.

Anleggssjef Harald Sangesland har samtidig med vegarbeidet hatt eit titals telefonar kvar dag frå folk som har lurt på om dei kunne køyra over. Han har svart konsekvent nei, vel vitande om at dersom han slapp trafikken laus ville det bli uråd for anleggsmaskinane å ta seg fram. Grusinga starta den 30. juli, og frå midten av



Beinveg og beinveg. Den nye sommarvegen kan kallast naturvennleg i den forstand at han går mest i eitt med terrenget. Dette er spesielt tilfelle i Vest-Agder der vegen følgjer den gamle anleggsvegen til Roskreppfjorden.



Avstanden mellom Jæren og Austlandet har blitt mange mil kortare etter at sommarvegen mellom Sirdal og Setesdal er opna.

august vart det lagt asfalt. Dermed heldt me tids-skjemact med så god margin at me kunne opna fjorten dagar før planen, fortel han til RYGJAVEGEN.

Vegbommen sprengt

Anleggssjefen er klar over at mange har blitt svært irritert fordi vegen ikkje vart opna i fjor, slik det står i NAF-boka. Ei natt i juli fekk han eit synleg prov på det. Då vart vegbommen på grensa mellom Vest-Agder og Aust-Agder sprengt, og spora viser at ein eller fleire bilar med firehjulstrekk har køyrt over.

Om bilane skulle heilt til Setesdal er uvisst, og det er også eit spørsmål om dei ville ha spart tid trass i at vegen tilbake til Sirdal, Tonstad og over til Evje og opp Setesdal på andre sida er ein lang omveg. Det var nemleg ikkje så enkelt å forsera svære kampesteinar og tunge anleggsmaskinar som stod midt i vegbana i anleggsperioden.

Best i aust

No ønskjer anleggssjefen bilane velkommen, men seier at nokon fartsetappe blir den nye sommarvegen ikkje.

Vegbreidda er berre 3,5 meter med asfalt og ei lita grus-skulder på kvar side, og dermed kan ikkje to bilar passera kvarandre. Problemet er løyst med mange møteplassar, og med relativt god oversikt kan ein avpassa farten og møtest akkurat der det er råd å passera.

Det med god oversikt stemmer best på Aust-Agder sida, der er vegen beinare og betre laga enn på Vest-Agder sida. Grunnen til det kan vera at den vestlege delen er lagt i anleggsvegen opp til Roskreppfjorden, ein veg som vart laga for tretti år sidan i samband med oppdemningsarbeidet.

Ti mil kortare

Dei som likevel reknar på mil og timar når dei skal velja mellom E-18 og den nye sommarvegen, kan som tommelfingerregel rekna 40 mil Ålgård - Drammen over Dalen og 50 mil på den same distansen på E-18. Det ein sparer i mil på fjellovegane kan fort gå opp i opp med den høgre gjennomsnittsfarten på Europavegen, men er det stor trafikk på Sørlandet kan ein likevel spara tid ved å køyra Suleskar - Brokke.



Geir Dale finpussar ei vegskulder på vegen sitt høgaste punkt. Der han står viser høgdemålar 1050 meter over havet.



Turistar på veg til Rogaland blir møtt av denne velkomstkommiteén

Ikkje bomveg

For bilistar som irriterer seg over bompengane ein må betala på E-18 ved Eidanger, kan det vera eit poeng at den nye sommarvegen ikkje blir finansiert med bompengar.

Dette er klart trass i at vegen har blitt mykje dyrare enn planlagt. Vegsjefen i Aust-Agder opplyser at prisen i 1985 var kalkulert til 32 mill. kr., no i 1990 veit ein at prisen blir 72 mill.kr.

Bilparken i forfall

Av biltilsynssjef Svein Dahle

Biltilsynet får brei omtale i avisene for tida. Tysdag 4. september har me det meste av første sida i Stavanger Aftenblad med både feite typar og stort bilete: "Teknisk kontroll i Stavanger: 29 avskiltet i går".

Det er dramatisk - det er alvorleg både for oss som har ansvaret for den tekniske standarden på bilparken, for dei trafikantane som ikkje maktar å oppretthalda ein akseptabel standard på kjøretøyet og ikkje minst for trafikktryggleiken generelt.

Me har hevda at forholda har vore noko betre i Rogaland enn andre stader i landet. Kontrollane dei siste månadane gir inntrykk av at me har lite å rosa oss av for tida.

Dette gjeld tilsynelatande både teknisk standard og bruken av kjøretøyet. Sist veke vart 14 tungbil-førarar melde for brot på reglane for kjøre- og kviletid.

Sjølv om det for tida er grunn til å vera spesielt merksame på teknisk standard, så er det ikkje slik at bilparken i løpet av få månader har hatt ein drastisk negativ forandring med omsyn til teknisk tilstand.

Det er etter mi meining meir enn krisemaksimering når direktøren i Bilbransje-forbundet viser til bilparken i

Tyrkia for å finna samanlikning. Tross alt, - dei fleste kjøretøycigarane er ansvarlege borgarar som syter for både vedlikehald og reparasjon.

Det er ikkje vanskeleg å finna reelle forklaringar på at me for tida har tendensar til elding og forfall. Både byte og vedlikehald av kjøretøy føreset økonomi. Me veit alle at for tida er økonomien stram for mange og bilen må konkurrera med andre nødvendige kostnader.

Me må tenkja grundig gjennom situasjonen og setja inn tiltak som kan stoppa ei negativ utvikling.

